

---

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** mandag 23. januar 2017 08.29  
**Til:** widar@arkoconsult  
**Kopi:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Oppstartsmelding - Radøy - Gnr 88 bnr 103 m fl - Sæbøtunet - Mindre endring av reguleringsplan

Vi viser til brev av 16.06.17 og til varsel om mindre endring av reguleringsplan Sæbøtunet, gnr. 88, bnr 103, mfl.

Framlegg til endring av reguleringsplanen for Sæbøtunet fører med seg følgjande endringar i gjeldande plankart og reguleringsføresegner;

1. Dagens situasjon - tilkomst til Felt B6, Gnr. 88, bnr. 103. I gjeldande reguleringsplan har felt B6 tilkomst frå fylkesvegen via tilkomstveg F3 som også er eksisterande felles tilkomst for eigendomane 88/71 og 83 og skal i tillegg gje veg-utløysing til 88/64. Denne løysinga vil gje mykje vegareal over felt B6 og dessutan dele feltet i 2. Lenger nordaust langs fylkesvegen er det ein tilkomstsveg til bnr 15, tilkomstveg F10 som er noko uoversiktleg då han ligg i ein sving.

2. Flytting av tilkomstveg til Felt B6, Gnr. 88, bnr. 103. I møte med Radøy kommune vart det semje med kommune og vegvesen om å flytte tilkomstveg F10 lenger ned/sørvest langs fylkesvegen og samstundes la denne verte tilkomst til felt B6 og eigedomane 88/64 og 88/15. Denne avkjøringa vil verte noko betre med tanke på siktlinjer og vere meir oversiktleg, samt at ein unngår mykje vegareal i felt B6. Tilkomstveg F3 behaldast som tilkomst for eigendomane 88/71 og 83.

3. Endring av plankartet, Felt B6, og tilhøyrande vegareal. I gjeldande plan består B6 av 2 felt på 1,5 og 0,9 daa, tilsamans 2,4 daa. I planframlegg vert felt B6 konsentrert til eit område på 1,44 daa, sentralt plassert og nedre del av planområdet vert endra til felles grøntområde, F12. I tillegg vert deler av fellesområde F6, som er parkeringsareal i gjeldande plan, gjort om til grøntareal (F13, F14) og tilkomstveg til eigedom 88/15.

4. Endring av planføresegnerne som følgje av endring av tilkomst og felt B6 Føresegner er såleis tilpassa flytting av adkomstveg til B6 (frå F3 til F10 der F10 er flytta mot sør). Rekkjefølgjekrav til adkomstvegane er uendra.

5. Endring av type bustad og utnyttingsgrad for felt B6, § 4.1.7.: I følgje gjeldande føresegnar skal det skal byggjast kjeda einebustader eller rekkehus i felt B6. Dette vert endra til konsentrert småhus.

Fylkesmannen har ingen merknader til endringane.

mvh

Jan Vidar Voster  
Kommunal- og samfunnaplanavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland